

## Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021

**Åsmund Berthelsen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Vestland fylkesting er positive til at det vert nasjonalpark i dei vindkraftutsette Masfjordfjella.
2. Vestland fylkesting stiller seg positive til at områda Hornelen og Øystesefjella vert utgreidd til å verte verneområde som nasjonalpark eller landskapsvernområde. Vidare at Ålfotbreen vert gjort om frå landskapsvernområde til nasjonalpark.
3. Vestland fylkesting ber hovudutvalet for næring førebu ei sak der ein ber Miljødirektoratet vurdere naturverdiane og vernebehovet i fleire område i Vestland fylke.»

**Aleksander Øren Heen (SP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

1. Fylkestinget syner til verneplanane for Masfjordfjella, Hornelen, Øystesefjella og Ålfotbreen og vil, når sakene kjem til uttale til fylkeskommunen, leggje stor vekt på dei lokale vedtaka.»

### **Avrøysting**

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 28 røyster (MDG, 2U (Hege N. Dale, Morten Klementsén), A, FNB, R, SV)

Berthelsen sine punkt 1 og punkt 2 fekk 29 røyster (MDG, U, A, FNB, R, SV) og fall.

Berthelsen sitt punkt 3 fekk 28 røyster (MDG, U, A, 2FNB (Odd Erik Lind, Nils Haugland), R, SV) og fall.

### **Vedtak**

Fylkestinget syner til verneplanane for Masfjordfjella, Hornelen, Øystesefjella og Ålfotbreen og vil, når sakene kjem til uttale til fylkeskommunen, leggje stor vekt på dei lokale vedtaka.